

Då er hausten komen, og det er full fart på museet. Ein skulle tru at det blei ei roleg tid etter sommarsesongen, men tvert i mot er det nok å halde på med. Følg gjerne med på heimesida vår for å sjå kva som skjer.

Har du vore på eit av anlegga våre i sommar? Då set vi stor pris på tilbakemelding. Ros likar vi godt, men vi vil også bli betre og då treng vi litt kritikk også i blant.



MS SULDAL

Museet har sidan 2011 jobba med å få restaurert Dampen. Vi har fått tilskott frå Suldal kommune, Rogaland fylkeskommune og Ryfylkefondet til arbeidet.

Målet vårt er at båten skal på vatnet igjen i 2025, 140 år etter at han blei sjøssatt! Mykje har skjedd dei siste åra: Museet har bygd eit vernebygg for båten, har fått fagvurderingar på plass og har starta med dokumentasjonsarbeidet. I haust og vinter blir det jobba innvendig i båten. Vi skal sanere for asbest og demontere det meste om bord. Maskinen skal løftast ut og vi skal sandblåse og male skroget både utvendig og innvendig.

Når alt dette er gjort, har vi nådd ein viktig milepæl, og første trinn av restaureringa vert avslutta. Då gjenstår oppbygginga.



FOLK I RYFYLKE

I år har Roy Høibo og Lise Bjelland arbeidd med årboka vår. Årets utgåve fekk tittel «Ryfylke før og nå», og er ei fotografisk vandring gjennom regionen. Dette blir ei fin bok som vil glede mange.



KVA BETYR «Å HÅRFE»?

HårF er eit nytt uttrykk som musea har begynt å bruke og ei forkorting for håndverksforskning. Vi er med i eit HårF-prosjekt, og skal i vinter og neste år HårFe på saga i Kvednahola.



DET ER MUSIKK I LUFTA

Det blir ein haust med mykje musikk på museet. Fleire Folk på fredag-konsertar inviterer til fine kveldar med mangfaldige musikk-opplevingar. Fuglen fortset i Stavanger i haust med å gi ungdommar og andre nyfikne folkemusikk-interesserte i alle aldrar ein smak på folkemusikk og –dans, og folkemusikkhelga i Suldal er jo allereie ein etablert møtestad for interesserte.

I tillegg har museet gleda av å kunne invitere til konsert med Hilde Selvikvåg på Li – for dei som var så heldige å sikre seg billetter.

Bak kulissane jobbar vi også med ei notebok for den instrumentale folkemusikken i Rogaland. Innan folkemusikken finst slike notebøker for nesten alle fylke, og det er på tide at Rogaland kjem på kartet også her.